

FØREORD

Våren -93 arrangerte Oppland fylkeskommune og Statens byggjeskikkutval eit to dagers seminar om "stedsforming og bygningsmiljø". Dette førte til at politikarane og administrasjonen i Vang kommune vart samde om å arbeide med temaet og sette opp eit handlingsprogram for byggjeskikk.

Hausten 93 og våren -94 var temaet på dagsorden fleire gonger med m.a. kurs i byggjeskikk og restaurering av gamle hus, temautstillingar og utarbeiding av "Landskapsog tettstadsanalyse for Vang". No er "Rettleiar i byggjeskikk og landskapstilpassing" ferdig utarbeidd.

Rettleiaren har vore til politisk handsaming i bygningsrådet (12/12-95) og i hovudutval for kultur (5/2-96) der dei gjorde vedtak om at rettleiaren skal vera retningsgjevande for bygging og byggjesakshandsaming i Vang.

Rettleiaren er utarbeidd av:

Kultursjef Jon Eggen.

Avd. ingeniør Arne Belsheim.

Kommunepl./miljøvernkons. lands.ark. MNLA Nina A. Rieck og landsk. ark MNLA Ingrid Skavhaug.

Siv.ark. MNAL Ragnhild Dietrichson.

Foto ved Thor Østbye og Ragnhild Dietrichson. Sistnemnde har og illustrert rettleiaren.

Det er i rettleiaren lagt vekt på at bygg skal syne kva tid dei er bygde i, og at byggjeskikk er noko som er i utvikling. Eit mål må likevel vera å byggje slik at ein også i framtida skal kunne sjå at dei husa som står i Vang "høyrer til" i Vang. Utifrå dette syner rettleiaren noko av det som er mest typisk for gamal byggjeskikk i Vang og Valdres, slik at ein kan ta opp delar av dette og utvikle vidare i nye bygg. Det finst inga oppskrift på kva ein skal ta med vidare frå gamal bygging og kva ein bør leggje att, så her ligg ei stor utfordring. Rettleiaren tek fram nokre nyare hus i Valdres for å syne døme på korleis nokon har vald å løyse denne utfordringa.


Me vonar rettleiaren vert til nytte og inspirasjon.

Vang, januar 1997

God byggjeskikk er samanhengen mellom røynsler frå fortida, tekniske løysingar i notida og forventningane til framtida.

Statens byggjeskikkutval

HISTORISK DEL



Element i det gamle kulturlandskapet. Teikning av Sigfred Hovda

Kulturlandskapet strekkjer seg frå fjorden med naust nede ved vatnet til stølane oppe i åsen. Det omfattar vegetasjon, hus og gardar, jorde, gjerde, ferdselsvegar, m.m

Plassering av garden i landskapet

Dei gamle gardane var gjerne plasserte litt oppe i dalsida med jorde på nedsida av tunet, nedover mot dalbotnen.


Husa på garden danna ein harmonisk, slutta heilskap som underordna seg naturen. Ein la husa der det var skrin jord og stein, for den beste jorda måtte ein sjølvstekt nytte til dyrking. Husa var bygde av naturen sine eigne materialar: stein, tre og torv, som forsterka samanhengen mellom hus og natur.



Husa ligg godt i terrenget, underordna naturen. Sørre Givre. Foto: T.Ø.

Garden

På gardane var det fleire små hus med ulike funksjonar. Kvart hus hadde si form etter sin funksjon. Støge, bygning (2 høgder), bu, stall, fjøs og låve danna til saman firkanttunet. Uthusa var plassert nedst i tunet mot jordet, støgebygningen vende ofte gavlen ut mot dalen. Eldhus, smie og tørrstøge var plassert utanfor tunet. Nedst på jordet låg det gjerne ei løe.



Myhre i Høre. Skisse over situasjonsplan, målestokk ca. 1 : 1000.

Hagen

Den gamle gardshagen var nok mest ein nyttehage, eit inngjerda område inn til hovudhuset eller for seg sjølv, litt vekk frå husa. Her var det gulrot, nepe, bærbuskar og rabarbra. Her kunne også tre få høve til å vekse seg store.

Vanlege treslag var rogn, hegg, bjørk og i seinare tid lerketre.

Sjølv om den gamle hagen skulle vera til nytte, var den nok og til pryd. Pryd og nytte fyljest gjerne, eit par døme er humle og rabarbra. Andre vekster ein ofte finn i gamle hagar, er syrin, reinfann og fjellflokk.



Gamal hage.

Materialbruk

Gråstein vart nytta i grunnmurar, mura utan bindemiddel. Elles var det treverk som i hovudsak var nytta til husbygging og innreiing. I gamal tid var dei ulike laftemåtane nesten einerådande som byggingmåte, men ofte saman med stavkonstruksjon i svalgangar. Som taktekkingsmateriale var bord og torv/never nytta frå dei fyrste laftehusa vart bygde og utover, men ettersom verksemda auka i skiferberga, vart skiferen nesten einerådande utover på 1800-talet. I skorsteinen nytta ein gråstein



Fjøs med natursteinsmur, mura utan bindemiddel, Bø i Øye
Foto: R. D.

Forma på husa

Felles for dei fleste husa var at det var enkle former, men som ofte hadde eit samspel mellom "tunge" lafteveggar og lette" svalgangar.



Bu på Kjerstein.
Tung, tett laftekjerne og lett,
open sval.
Foto: T. Ø.


På 1700-talet vart det vanleg med våningshus i to høgder med lukka sval. Taket på svala var ei forlenging av hovudtaket. Seinare vart det vanleg med nasasval.

Skifertaka kunne Vera bratte med ein lett og elegant svai, som ein kan sjå på bygningen på Ellingbø.

Utpå 1800-talet kom buahuset med rektangulær plan og tok over for bu og loft. Dette buahuset hadde gjerne to rom og gang i midten i to høgder. Inngangen var på langveggen. Denne forma er berre vanleg nord i Valdres. Buahuset var ofte sett saman av delar frå ei gamal bu eller fleire.

Uthusa endra seg mindre enn innhusa opp gjennom tidene. Den tredelte låven har til dømes hatt om lag same form sidan mellomalderen. Fyrst kring 1900 vart det stor endring då ein tok til å samle alle uthusfunksjonane under same tak i driftsbygningen.

Takvinkelen var avhengig av breidda på huset og varierte etter kva slags tekking det var.



På hus med torvtak var høgda frå rafta til mønet ein firedel av breidda på huset "fjerdingsraust", om lag 27°. På skifertak var høgda frå rafta til mønet ein tredel av breidda på huset "treungsraust" om lag 33°. Huset var sjeldan breiare enn ei stokklengde.



Bygningen på Ellingbø er av den typen som vart svært vanleg i Vang utover på 1700 - 1800 - talet. Ein laftekerne i to høgder og ei sval i bindingsverk (lett konstruksjon). Foto: SEFRAK-reg.



Bu/buahus i Kjøs med rektangulær plan, gang i midten og bu på kvar side. Foto: SEFRAK-reg.



Tredelt låve og fjøs på Helle i Høre med gang i bindingsverk i mellom. "Tunge" laftekjerne, "lett" gang. Foto: T.Ø.



Uthuset på Kattevøl har plass til fleire dyreslag i eitt hus. Her kan me sjå at den gamle låven har vorte innlemma i den nye driftsbygningen. Foto: R. D.

Fargar

Dei gamle tømmerhusa står ubehandla, berre farga av sol, vêr og vind. Sola gjev ein gyllen brunfarge på sørsida, medan husa er sølvgrå på skuggesida og vestveggen som er mest vérutsett.

Då det vart vanlegare å panele husa på 1800-talet, vart det og meir vanleg å måle husa, oftast i ljose fargar som då var på mote. Novkassar fekk gjerne ei anna farge enn veggen, men ofte var det berre svalgangen som vart kledd og måla. Oker og engelskraudt var fargar som vart mykje nytta.

Detaljar

Dei fleste gamle hus som står i Vang i dag, har enkle detaljar. Mange er bygde i ei tid då murhuset sitt formspråk ute i Europa var førebilete. Idealet var nettopp det enkle. Husa i Vang har t.d ofte panel med not og fjør som gjev ei slett overflate for å illudere mur. Novkassene er ofte framheva og utforma som pilastrar.

Ein kan merke seg at husa i Valdres og er mykje enklare enn t.d. i Telemark, Hallingdal og Gudbrandsdalen. Her i Valdres var det på langt nær så mykje utskjeringar eller anna dekor på husa, noko det heller ikkje er på møblane her.

Vindskiene er og enkelt utforma, berre med ei fin avslutning nedst. Det er gjerne doble vindskier på torvtak og oftast berre ei på skifertak, slik at taket får eit lett og tynt preg.



Øyloselet på Hugastøle syner skilnaden i farge på solsida og på vår- og skuggesida. Foto T.Ø.



Klukkanhaugen med ljøs farge, slett panel og framheva novkassar. Foto: T.Ø.



Vindski, enkelt, men fint utforma. Bygning på Vestre Bø i Vang. Foto: T.Ø.



Panel med ei slett overflate. Bygning i Belseim. Foto: R.D.



Inngangsparti i bygningen på Garstad, klassisk og enkelt. Foto: T.Ø.

Stølen og hus i fjellet

Det vanlege var å ha både heimstøl og langstøl, heimstølen nær garden og langstølen inne på fjellet samla i stølssete. Stølane var ofte godt plasserte i sørhallet med mykje sol og i ly for vinden. Som regel var det sel, fjøs og løe på kvar støl. Dei fleste husa som no er att, er tømra, men tidlegare har det truleg og vore fleire hus i stein. Enno finst det att ein del fjøs i stein.

Husa var bygde på same viset som husa på garden, men generelt kan ein seia at husa på stølen var **enklare** enn i bygda.

Mange hadde dyrka jord langt frå gardane. Her hadde dei ofte legohus der folka som dreiv med slåtten overnatta, eit svært enkelt husvære med eitt rom med eldstad.

Døme på legohus finn ein på Hagastrønden.

Del fleste gardane hadde og løer i utmarka eit stykke unna garden, gjerne mellom garden og stølen.

Dei kunne òg stå i lag med eit legohus eller åleine ved ein utslått. Dette var små enkle tømmerhus i ei høgd, ofte lafta av osp. Stokkane var ikkje medragne for å få lufting til fôret. Taket var gjerne tekt med torv/never eller villheller.

Jakt-og fiskebuer var ofte bygde i stein, då dei gjerne var langt til fjells. Taket var gjerne åstak med never og torv.

VØLING / I STANDSETTING AV GAMLE HUS

Når ein vøler og set i stand, gjeld det at ein ikkje øydelegg dei kvalitetane huset har. Om ein skifter ut detaljar og bygningsdelar, vert etter kvart huset sitt opphavlege preg borte. Det er dei gamle materiala som gjev ein eigen atmosfære og som fortel om tidlegare liv i huset.



Stølar i Sanddalle syner stølar samla i stølssete. Foto: T. Ø.



Løe i Sørre Kongsli'n. Foto: T.Ø.



Galdebergbue ved Bygdin. Foto: R.D.



Skeietunet vert sett i stand. Foto: T.Ø.

Definisjonar

Når ein set i stand gamle hus, kjem ein bort i fleire uttrykk som me her vil klargjere:

Restaurering er å føre tilbake til ein tidlegare epoke og kan vera eit tidkrevjande arbeid. Ein treng ofte fagleg hjelp. Eit døme på restaurering kan vera å skifte ut "husmorvindaue" med den typen som har vore der før, til dømes seksdelte, altså føre tilbake. Det som kan vera eit problem når ein skal restaurere, er kva for ein tidsepoke ein skal leggje seg på. For å bruke døme med vindaue, kan det og hende at husa tidlegare har hatt enno ein eldre type vindaue.

Konservering derimot er å ta vare på det eksisterande, d.v.s "fryse" dagens situasjon.

Rehabilitering - "gjenreisning av tapt verdighet". Det er tilpassingar og innreiing i huset, som er nødvendige for å fylle våre krav til standard i dag. Ei vanleg istandsetting er utbetring av det sanitære og det elektriske anlegget o.s.v. Sjølv om ein må inn med nye installasjonar, treng ikkje huset verta mykje endra.

Bilde t.v.:

Moderne metodar kan ofte gjere vondt verre som til dømes å støype oppover lafteveggen, er å rope på råteskadar. Foto: R.D.

Bilde i midten:

Ein treng berre skifte ut det som er dårleg. Foto: R. D.



Gode prinsipp om ein skal vøle gamle hus:

- Ta omsyn til huset sine premisser framfor idear om nye krav, t.d. at alt skal vera beint (sjå bilete av glas nedst på sida).
- Ta vare på mest mogleg av dei originale bygningselementa. Dette gjeld dører, vindaue, panel, dekorative element som listverk og liknande. For å unngå unødvendig utskifting av bygningsdelar, er det viktig å ha klart for seg kva som eigentleg er så dårleg at det må skiftast. Dei gamle materiala har ofte betre kvalitet enn nye, og kva er meininga med å skifte ut fullt brukbare materialar ?
- Til mindre ein gjer, til billegare vert det òg.
- Halde seg til gamle teknikkar og måtar å reparere på.
- Tømmerveggene isolerer ofte tilfredsstillande i seg sjøl. Oftast kan det vera nok å isolere golv og tak, og å setje inn doble glas.

"Fyrstehjelp"

Om ein ikkje har råd eller tid til å vøle no, kan ein berge huset for seinare generasjonar med små "fyrstehjelpstiltak":

- Det viktigaste av alt er at taket er tett, då kan huset vera sikra for mange år framover. Eit par heller på taket eller provisoriske bølgeblekkplater er ofte det som skal til for å stoppe lekkasje.
- Ved å spa vekk jord som ligg oppetter veggene, kan ein hindre dei nedste stokkane frå å rotne vidare.
- Unødig kratt og buskar attmed husveggen må fjernast.

Bilde t.h.: Glasa bør reparerast, ikkje skiftast. Om ein likevel som her set inn nye glas, må ein innsjå at ein ikkje kan bruke vater (sjå dårleg tilpassing mot vegg). Foto: R.D.



NYE HUS

TILPASSING TIL OMGJEVNADENE

Klima

- Analysér sol- og vindtilhøve m.o.t. plassering av inngangsparti, uteplass og indre planløsning.
- Utnytt terreng og vegetasjon som skjerm for vind og vår, men hugs at snøen legg seg på lesida.

Landskap

- Ein bør nytte landskapet til dømes som skjerming mot innsyn og vårtilhøve. Unngå store inngrep i terrenget.
- Husa bør som regel ikkje bryte horisonten/silhuettverknad. I einskilde tilfelle kan likevel dette vere ei brukbar og god løysing, t.d. var ein del gamle gardar plasserte slik. Viktige bygg vert gjerne framheva på denne måten, som til dømes kyrkjebygg.




Ein solfylt uteplass og skjerming mot vår og vind.



Hus plassert fint i landskapet, Ulnes i Nord-Aurdal, siv.arkitekt Rune Urne. Foto: R.D.



Ei kyrkje er eit spesielt bygg og det er difor fint at den vert framheva ved hjelp av silhuettverknad slik som til dømes Høre kyrkje.



Vanlege hus og gardar bør som hovudregel underordne seg landskapet. Gamletunet i Kvam.



Terrenget er sprengt vekk og "tilpassa" huset.



Fjøs og låve tilpassa terrenget med høg gråsteinsmur og trepilarar. (Ein støypt mur ville ikkje hatt same verknad.)

Hus og tomt

- Nye bygningar må tilpassast terrenget og ikkje omvendt.
- Prøv å oppnå massebalanse ved utgraving av tomta.
- Fjern minst mogleg av eksisterande vegetasjon. Det er lettare å sjå kva ein vil ta vare på og kva ein vil fjerne etter at huset er kome opp. Busk og kratt gjev le og skjerm. I ei fjellbygd har trea lang veksetid og store tre vert særleg verdfulle.



Huset er plassert fint i terrenget på tomta og mykje av vegetasjonen er teke vare på. Hus i Nord-Aurdal, siv. arkitekt Jon Olav Svøen. Foto: T.Ø.

UTTRYKK

Nybygg

- Husa bør ha eit heilskapleg preg i dimensjon, detaljar, material- og fargeval. Små variasjonar innan ein overorda heilskap kan vere positivt.
- God byggeskikk er ikkje det same som kopiering av gamle hus, men heller ei vidareføring der ein tek i bruk dagens teknologi. La huset syne i kva tid det er bygd.
- Nye bygningar kan knytast saman med eksisterande/gamle bygningar med mellom anna volum, former, material- og fargeval.
- Husa bør byggje på lokale tradisjonar, gjerne moderne hus bygd over eit eller fleire "gamle tema".



Huset har god form og gode proporsjonar, eit kjent element er den symmetriske gavlen ut mot dalen. Det er brukt tradisjonelle materialar: torv på taket, trepanel og steinmur. Utradisjonelle glassindelingar er med på å gje bygningen eit moderne uttrykk. Siv. arkitekt Rune Urne. Foto: T.Ø.



Det nye huset har ei smal hovudform og det er brukt tradisjonelle materialar: Ståande trepanel og skifertak. Vidare er det knappe takutstikk og detaljar. Dette fører til slektskap mellom dei to husa. Siv. arkitekt Tore Kr. Guldbrandsen. Foto: T.Ø.

"Gamle tema" er til dømes:

- Naturmaterialar
- kontrast tung/lett og open/tett enkle detaljar
- korte takutstikk (ca 30-40 cm) smale vindskier
- enkle volum rausta i lengderetninga smale hus (ca 5-7 m)
- takvinkel avhengig av breidda på huset "fjerdingsraust" og "treungsraus" (tilsvarer ca 27° og 33°)



Av "gamle tema" kan ein har kjenne att den gode, enkle forma, ståande, slett trepanal, kombinasjon av "lukka" vegg og "open" sval. Hus på gardstun i Nord-Aurdal. Siv. arkitekt Ingrid Kvissel. Foto: T.Ø.

- Unngå for mykje utskjeringar og "pynt".
- Unngå store og dominerande verandaer.
- "Trykk" ikkje husa ned i bakken. Ver ikkje redd for å la det "reise seg" slik mange av dei gamle bygningane i Vang gjorde. (sjå t.d bygningen på Ellingbø s. 5)
- Ukanta bord (villmarkspanel) som kledning har ingen tradisjon på bustadhus eller sel i Vang. ukanta bord og honbord var berre brukt på uthus.



Eit fint døme på korleis ein også i dag kan kombinere ulike konstruksjonar, "tung" tømmervegg og "lett" vegg i bindingsverk og glas. Beitostølen i Øystre Slidre. Siv. arkitekt Hans Kr. Syvertsen. Foto: T.Ø.



Svalstolpe og rekkverk, fint, men enkelt utforma. Gamle svalstolper i Valdres er **firkanta**. Bygning frå Sør-Aurdal. Foto:R.D.



Ubearbeidde søyler og pilarar eignar seg best på uthus og ikkje på bustadhus, sel eller hytter. Foto: R.D.



Triveleg inngangsparti: bearbeidd, men enkel, søyle og rekkverk. Hus i Nord-Aurdal. Siv.arkitekt Rune Urne. Foto: R.D.

Tilbygg

- Tilbygget kan gjerne ha nokre felles tema som hovudhuset, t. d. materiale, farge eller takvinkel, noko som bind det saman, medan ein samtidig kan sjå kva som er nytt.
- Bygget si opphavlege form bør ikkje øydeleggjast.
- Tilbygget bør ikkje verte for dominerande.
- Generelt er det ofte best å byggje på i lengda på huset med same takflate.
- På stølen kan trong til større buareal løysast ved at ein byggjer eit frittliggjande hus med ei plassering og utforming som passar til den gamle stølen.



Påbygging i ulike vinklar, høgder og med ulike takvinklar. Bygget si opphavlege form er øydelagt.

Endra bruk

- Uthus får i dag ofte ny bruk. Dette kan vere vanskeleg av di ein ofte treng meir glasopningar. Då må ein vera bevisst på korleis ein skal gjere det. Set ikkje inn nye småruta glas i eit uthus, men la det behalde sitt preg av uthus og prøv heller med nye typar glasopningar.



Sel i Strø, Vestre Slidre. Ein har fylgt tradisjonen med å byggje på i lengderetninga. Det er ulike typar panel og grunnmur, men farge og form bind det saman. Foto: R.D.



Tilbygget på Åsvang er stort, men har likevel underordna seg det gamle bygget. Nye materialar er innførte, men fargar bind saman det nye og det gamle. Siv. arkitekt Tore Kr. Guldbrandsen. Foto T.Ø.



Eit lite rnellombygg mellom garnalt og nytt kan i mange høve vera ei god løysing. Lismarka, Ringsaker, siv. arkitekt Jon Olav Sveen. Foto: Terje Forseth. Frå boka "Norske småhus arkitekter". Gjengjeve med løvve frå forlaget



Låven har behalde sitt uthuspreg, men syner ved nye glasopningar at den har fått ny bruk. Herangtunet, Øystre Slidre. Foto: T.Ø.


ULIKE BYGNINGSMILJØ

Gardstun

Gardstunet og hagen er ein del av kulturlandskapet og skjøtsel av dette er ein viktig del av gardsdrifta, (vegetasjon, gjerde, ferdselsveggar).

Ved bygging av eit nytt gardsanlegg bør ein i tillegg til dei før nemnde punkta:

- Byggje på staden sine tradisjonar m.o.t. tunform og hageanlegg. Store tre er særleg verdfulle for omgjevnaden. Tradisjonelt fann ein gjerne store tre i hagen og/eller knytt til tunet.
- Planleggje skilde område for opphald og trafikk, slik at t.d. mjølkebilen ikkje kjem inn i tunet rett framfor inngangsdøra og der borna leikar.



Prøv å legg så mykje som mogi og av trafikken utanom tunet.

Ved bygging av nytt hus på garden, bør ein i tillegg til det som før er nemnd ta omsyn til:

- Eksisterande tunform.
- Storleik, plassering og form på dei andre bygningane, særleg breidda er viktig.
- Materiale, form og farge som harmonerer med det eksisterande både i murar, vegger og takflater.



Det nye bustadhuset er fint innorda i den eksisterande tunforma. Garasjen inntil låven er og ny. Ringsaker. Siv. arkitekt Jon Olav Sveen. Foto: Jon Olav Sveen.



At sjølve forma på huset er god, er noko av det viktigaste. Våningshuset i Løkreim har god hovudform, det er smalt og med høveleg takvinkel. Tretak er ein tradisjon som er fin å nytte vidare. Teikna av Arne Belsheim. Foto: R. D.




Reiskapshus på Leine. Huset har ei god og enkel form. Det er brukt tradisjonelle materialar: Slett "låvepanel" i tre, og skifer på taket. Smale vindskier er og eit fint og gammalt element i Vang. Teikna av Rune Vik. Foto: T.Ø.

Bustadfelt

Utforminga av eit bustadfelt vert i fyrste omgang bestemt ut ifrå reguleringsplanen. Dersom ein vil ha bestemte reglar for området, må desse vilkåra inn her.

Ved organisering av hus (tun, klyngje, rekke) bør ein velje det som høver best saman med tradisjonar og terreng.

Ved å ta vare på vegetasjon og terrengformer gjer ein det mogleg å nytte dette til skilje mellom hus og ulike soner. (Privat/offentleg, trafikk/opphald).



Fortida sitt "byggjefelt". Teikninga syner Kviesgaradn, ei grend der det låg fem tun heilt innåt kvarandre. Frå boka 'Norske gardstun' av Arne Berg.

- Ein bør unngå å byggje ut store, samanhengande felt. Plassér heller husa i mindre grupper, med grenda og garden som førebilete.
- Vegar og parkeringsanlegg bør plasserast der det høver i terrenget og ikkje vera større enn nødvendig.
- Uteareal bør ha eit enkelt og ryddig preg med omsyn til plassering og utforming av postkasser, søppelskur, boder, garasjar og belysning og vidare ha ei klar sonedeling, felles/ halv-privat/privat område)
- Husa i området kan med fordel ha felles tema (antall høgder, takvinkel, material- og fargeval) slik at bustadfeltet framstår som ein heilskap.
- Fortetting der det er naturleg. Ikkje ta i bruk unødig stort areal.



Hus organiserte langs ein veg.



Hus organisert kring eit tun. Her ligg det til rette for kontakt mellom bebuarane i feltet, samtidig som ein kan ha sine private uteplassar.



Hus, hage og garasje dannar ein heilskap. Nord-Aurdal, Foto: R.D.

Stølsområde


I desse områda må ein vere særers varsam når det skal tilførast noko nytt.

Særskilt viktig i stølsområde:

- Nye sel, fjøs eller hytter må innordne seg i strukturen til det gamle stølsområdet.
- Innbyrdes organisering av bygningar på stølen og proporsjonar (høgde, breidde, lengde) til husa bør danne førebilete for nye bygningar i området. Særleg er det viktig å ta omsyn til høgde og breidde.
- Enkle detaljar, korte takutstikk, unngå utskjerjingar.
- Sjå etter lokale løysingar når det gjeld gjerde og portar.
- Landskapet sitt opne preg med grasvollar og beite må haldast i hevd.

Hus i fjellet

- Hytter må plasserast varleg i terrenget og ikkje dominere landskapet. Dette kan lettast fylgjast om dei ligg under tregrensa, men og ved å unngå å plassere hytter på høgdedrag eller andre stader som er godt synlege på lang avstand.
- Hytteområde særleg i snaufjellet, bør organiserast med stølssete som førebilete, samla i klyngjer og ikkje spreidd utover store område. (sjå foto s.7)
- Hytter i snaufjellet bør ikkje vera for store, men ha gamle bygg i fjellet som førebilete.
- Hyttene bør ha eit einskapleg preg i material- og fargeval og nokonlunde same storleik. Dei bør vera i jordfargar og materiale med matte overflater.



- Nybygg må innordne seg i strukturen til det gamle stølsområdet. Her bør nye hus til dømes ligge i overkant av ierdet på line rettmed vegen. Døme frå



Fjøs frå nyare tid med element frå det gamle stølsmiljøet: Tradisjonelle materialar, pilarar og enkel form. Hugastølen. Foto: T.Ø.

Under: Hytter i heimstølsområdet oppunder Slettefjell. Hyttene ordnar seg inn i den gamle stølsstrukturen og passar inn i stølsmiljøet med omsyn til form, farge, proporsjonar og detaljering. (Veggene er solbrune mot sør, og har ein gråare farge på skuggesida.) Samtidig har dei eit moderne uttrykk. Siv. arkitektar Knut Morseth og Tore Leholt. Foto: T.Ø.



KVAR KAN EIN FÅ HJELP ?

Om du skal til å byggje nytt hus, byggje på eller setje i stand eit gammalt hus, er det lurt å planleggje alt grundig før ein set i gang. Ta kontakt med teknisk etat i kommunen før du tek til med planlegginga, så kan dei gje deg råd og formidle kontakt til fagfolk.

Me minner og om at ved all bygging eller utvendig endring, må ein ha byggjeløyve.

Om du vil setje i stand gamle hus, finst det tilskotsordningar:

- Vang kommune, Kulturkontoret, 2975 Vang i Valdres
tlf. 61 36 85 00
- Vang kommune, Landbrukskontoret,
tlf. 61 36 85 00
- Fylkeskonservatoren i Oppland,
Kirkegt. 76, 2600 Lillehammer
tlf. 61 28 93 70
- Riksantikvaren, Dronningens gt. 13,
0152 Oslo. Tlf. 22 94 04 00

LITTERATUR

- **Gamle hus i Vang, rapport frå registreringa av hus bygde før 1900**, Ragnhild Dietrichson, 1995.
- **Gamle trehus, historikk, reparasjon og vedlikehald**, Tore Drange, Hans Olav Aanensen, Jon Brenne, 1992.
- **Stølsdrift i Valdres, rapport frå stølsseminaret i Valdres** aug, 1982.
- **Setra, et bygningsmiljø i fare**, Steinar Skåden, Arne Altern, Ragnar Korsvik, Ragnar Pedersen, Eirik Aas, 1976.
- **Hus og stil**, Foreningen til Fortidsminnesmerkens bevaring.
- **Gode råd om vinduer i eldre hus**, Foreningen til Fortidsminnesmerkens bevaring.
- **Gardstunets bo og driftsmiljø**, Trond Ulrik Dahle
- **Byggeskikk på landsbygda, Bakgrunn og utviklingstendenser**, Olav Hjulstad med fl. Landbruksforlaget, 1978.
- **Uthushistorie**, Olav Hjulstad, 1991.
- **Gardstunet, 20 gode løsninger for hele landet**, Det norske hageselskap, Landbruksforlaget.
- **Bedre og billige norske småhus arkitekttegnet og husbankfinansiert**, Bonytt 1988.
- **Norske småhus-arkitekter, hus for by og land, materialer, planer, priser**, Bonytt 1985.
- **Den nye boken om stygt og pent**, Odd Brochman, 1968.
- **Byggekunst nr 8**, 1882.
- **Byggekunst nr 6**, 1979.

"Det er to ting ved en bygning, bruken og skjønnheten. Bruken tilhører eieren, skjønnheten hele verden!"

Viktor Hugo